

Interessant om fjorden i vakker musikalsk ramme!

21.06.2012



Velfortente blomster til sentrale aktørar bak den flotte kvelden!

Trass i fotballkampar og strålande ver var det svært godt frammøte i Rosendal Samfunnshus i kveld. Og det er lett å forstå for Havforskningsinstituttet baud på ein menu som var særdeles spennande, interessant og velsmakande!! Premieren av filmen 'Fjordens liv' var hovudpost på programmet. Det var intressante utgreiingar om forskninga i Hardangerfjorden, og det heile vart ramma inn av musikalske perler frå Rosendal og Omland Jazzverk som på suverent vis opna og avslutta den gode kveldstunda.

Etter musikkopninga og gode introduksjonsord frå Aina Holst frå Direktoratet for naturforvaltning, orienterte Øystein Skåla, Havforskningsinstituttet, om forskningsprosjektet EPHIGRAPH som har pågått sidan 2008. Det går ut på å dokumentere og kartlegge menneskeleg påverknad på økosystemet i Hardangerfjorden. Svært interessant var det å høyra på då han greidde ut om korleis dei gjekk fram i arbeidet med dette forskningsprosjektet. Vi fekk mellom anna høre at dei hadde svært god nytte av arbeid og undersøkingar som vart gjort så tidleg som i 1950-åra. Dette gav eit viktig referansegrunnlag til funn som hadde vorte gjort no. Han fortalte publikum om kva svar dei hadde funne, og kva dei måtte forske vidare på.

Som eit ledd i arbeidet i EPIGRAPH-prosjektet hadde dei vorte samde om å lage ein film. Resultatet var no klart: 'Fjordens liv', som no hadde premiere. Han gav ordet vidare til Randi Storås som hadde fått ansvar for manus og regi av filmen. Ho fortalte korleis det hadde vorte arbeidd med filmen, før lyset vart sløkt og premiereframstillinga var i gang.



Dette store og flott korallet frå

Det vart ei openbaring på 21 minutt for mange! Jammen er det mykje både rart og flott under vatnet i fjorden vår. Langt meir enn vi kan førestilla oss!! Men så hadde dei og filma heilt ned til 450 meter under overflata. Det som svært mange merka seg var alle dei fantastiske fargane. Mange av oss har tenkt at dette er slikt som vi finn i langt sydlegare farvatn, men så har vi det rett utanfor stovedøra. Store flotte koralrev har vi og, og kven visste at vi finn dyr på opp til 60 meter i Hardangerfjorden?? Filmen kjem til å verta vist mellom anna på Folgefonna nasjonalparksenter i Rosendal. Eg vil råde absolutt alle til å nyte anledningen og sjå den. Eg lovar 21 særers interessante minuttar!!

Hardangerfjorden pryda scenekanten.



Komponisten Ivar Baste ved flygelet og Stein Haugen på bass er sentrale i Jazzverket!

Som nemnt var det Rosendal og Omland Jazzverk som ramma inn fagstoffet. Som alltid imponerte dei med framføringar på særdeles høgt musikalsk nivå. Til opning spela dei tingingsverket til opninga av tidslina i Steinparken, Tida, som er komponert av Ivar Baste. Eit aldeles nydeleg verk på 11-12 minutt der ein er innom fleire musikkjangrar underveis. Etter fagdelen spela dei to nummer. Først ei folkevise med kvedaren Magnhild Berge i ei spennande jazzza utgåve, før dei avslutta med komponist Ivar Baste sitt nye og smektande stykke 'Party'. Også denne kvelden var det mange som let seg imponera av denne fantastiske jazzgjengen. Fleire understreka at dei er ikkje berre dyktige kvar for seg, men at dei saman gjorde kvarandre til eit orkester av høg klasse. I den samanheng vart det sagt at det var så kjekt at samleie fekk vist seg fram gjennom improvisasjonsoloar.

Dei som spela med jazzverket i kveld var: Ivar Baste og Bjarne Øymyr(begge tangentar), Stein Haugen(kontrabass), Magnhild Berge og Gopi-Ananda Storegjerde(kveding/vokal), Torkjell Nerhus(slagverk), Sindre Aksnes(perkusjon) og Vegard Døssland(trompet). Her er det samspel mellom rutinerte ringrevar, og unge talent; ein verkeleg suksessformel!!!

Av: Thor Inge Døssland



Jazzverket imponerte med spennande repertoar.